

## Vellukka samling innleia skisesongen.

16.11.2016



Til saman 44 var med på turen til skigruppa.

**Skigruppa i UIL fekk ei perfekt innleiing på skisesongen då dei arrangerte samling på Voss sist helg. Både det sosiale og det sportslege utbyttet var topp, og heile 44 store og små var med på samlinga. Samlinga var planlagt som barmarkssamling, men Kong Vinter ville det annleis. Det vart snø under skia! Kva er betre enn det?**



Skiskyting var populært.

Knut Johannes Ripel i skigruppa fortel at dei naturleg vis hadde teknikktraining på ski med røynde trenarar på programmet. Det var leikar der balanse var eit av dei viktige elementa, og kjekke konkurransar.

I tillegg fekk alle prøva seg som skiskyttarar under kyndig instruksjon av tidlegare skiskyttar Lars Fosse og dottera Silje. Sije tok nylig ein andreplass for kvinner 19 år under NM i rulleskiskyting. Dette var sjølv sagt eit veldig populært innslag.

I tillegg til det treningsmessige vart det også lagt stor vekt på det sosiale. Ein tur på Peppes Pizza vart det tid til og dei hadde ein populær og spennande quiz. God stemning skapte og feiring av to fødselsdagar med masse gode kaker. Elles var det også gode måltid under samlinga.

Målet med turen var å styrkja det gode miljøet i skigruppa, i tillegg til å få betre teknikk på ski.

Turen var i utgangspunktet planlagt som ein barmarkstur, med rullerleski som hovudaktivitet. Men så kom kong vinter med snø, og det blei ordentlege ski under beina, noko som gjorde turen enda meir vellykka.

-For å kunna ta ein slik tur, er vi nøydd til å få støtte økonomisk. Det var vi så heldige å få av Sparebank 1 stiftinga ved førre utdeling, så igjen tusen takk for det, seier leiaren i skigruppa Knut Johannes Ripel som til liks med resten av gjengen er storfornøgd etter samlinga.

Dette var ei flott innledning på skisesongen for den driftige skigruppa, og no ventar forhåpentlegvis ein vinter med kjekke treningar og konkurransar, og gode snøtilhøve i Fjellhaugen skisenter.



Litt hopp og sprett og ulike skiaktiviteter.



Flotte vinterlege forhold



God frust



Peppes er alltid populært



Quiz engasjerer



Full konsentrasjon



[Mødrekroken.](#)

Tekst: Thor Inge Døssland/Knut Johannes Ripel  
Foto: Knut Johannes Ripel  
Nett: Thor Inge Døssland